

KORLEIS BRUKAR EG HEIMESIDENE?

Kort innføring

Adressa til heimesidene er: www.turgutane.org

Heimesidene våre har vore i drift sidan slutten av januar 2013. Første tida var det ikkje så veldig mykje stoff å finna der, men det har fyltest opp etter kvart slik at heimesidene no inneheld mykje informasjon om både nytt og gammalt i Gutta på tur. Hovudføremålet med sidene er sjølvsagt å gje medlemmene informasjon og tilgang til biletstoff og lagsarkiv, men det syner seg at sidene er blitt populære langt utanfor våre rekker – kanskje mest på grunn av løypekarta.

Fleire av medlemmene har ytra ynskje om ei innføring i korleis dei kan gjera seg betre nytte av heimesidene våre - og dette er eit forsøk på å gje eit enkelt oversyn over kva sidene inneheld og korleis du kan finna det.

The screenshot shows the homepage of the website. At the top, there is a navigation bar with the following items: FRAMSIDE, TURPROGRAM OG KART, KLUBBSAKER, DIVERSE, BILETE. The main content area is divided into several sections:

- FRAMSIDE:** A large photograph of a group of people at a dinner table.
- Wæret for Eivrand:** A weather widget showing temperature and conditions for Eivrand.
- Velkommen til heimesidene våre:** A text block with a welcome message and contact information.
- Neste tur:** A section for the next tour, including details about the date and location.
- På Steingrunn:** A section with a green background and a small image of a person.
- Nye rastebord og kvilebenkar:** A section with a photograph of people sitting at a table.
- Sponsorar:** A section listing sponsors like Gjensidige and Finnås Kraftlag.

Framsida

Framsida inneheld ei overskrift, ei menylinje, bilete frå siste turen, vermelding, velkomsthelsing, orientering om neste tur, ei eller fleire aktualitetsruter pluss litt småstoff nedst på sida.

Hovudbiletet blir til vanleg skifta ut kvar veke (dersom webredaktøren har vore med på siste tur). Under biletet står det oftast litt tekst og peikarar til løypekart og fleire bilete frå turen.

Vermeldinga er lånt frå yr.no og inneheld eit tredagarsvarsel for området. Ved å klikka på den blå linja øvst på vermeldinga kjem du inn på Yr sine heimesider.

Inforutene til høgje inneheld opplysningar om neste tur, nyhende og informasjon frå styret.

«På steingrunn» inneheld små gullkorn eller ordtøkje som er meint å framkalla eit lite smil.

Nedst er ei faktarute om Gutta på tur pluss ein liten hyllest til sponsorane våre. Dessutan eit aktualitetsbilete som blir skifta ut av og til.

Menylinja:

The screenshot shows the navigation menu of the website. It features a green bar with the following items: FRAMSIDE, TURPROGRAM OG KART, KLUBBSAKER, DIVERSE, BILETE. The word 'Bremnes' is displayed in a large, stylized font above the menu. Below the menu, there is a photograph of a group of people at a dinner table.

Viktigaste elementet på framsida er menylinja. Ved å klikka på elementa på menylinja kjem du deg vidare til dei andre sidene.

Turprogram og kart

På denne sida vil du finna turprogrammet for den aktuelle perioden. Også her er menylinja eit viktig element. Du vil sjå at menylinja øvst inneheld dei same elementa som på framsida, men i tillegg er det nokre undermenyar som opnar nye sider i det blå feltet under linja.



FRAMSIDE **TURPROGRAM OG KART** KLUBBSAKER DIVERSE BILETE

Kart | Løypekart | PLASSAR LANGS LØYPA

Klikkar du på desse elementa, vil du ofte få fleire nye val i tillegg til at det opnar ei ny side:

URPROGRAM OG KART KLUBBSAKER DIVERSE BILETE

Kart | Løypekart | PLASSAR LANGS LØYPA

2012

2013

Løypekart

rt over nokre av turløypene våre

Klubbsaker

Her vil du kjenna igjen hovudmenyen frå tursidene, men undermenyen har fått heilt andre element.



FRAMSIDE TURPROGRAM OG KART **KLUBBSAKER** DIVERSE BILETE

Styre/utval | Dugnadsgjengar | Medlemsliste | Åsmøte 2013 | Møtereferat / avtalar | Vedtekter

Alt viktig klubbstoff er samla på desse sidene. Her finn du oversyn over styre og utval, oppsett av dugnadsgjengane, oppdatert medlemsliste, årsmøtesaker, referat frå styremøta og vedtektene. Det kan sjølvsagt diskuteras om så mykje intern informasjon bør ligga tilgjengeleg for ålmenta, men filosofien har vore at me kan sjå kven som helst i augene og har ikkje noko å skjula.

Diverse

Dette er meint å vera ei side med eit lite «glimt i auga». Sida inneheld stort sett litt lødig stoff. Uhoftidelege referat frå turar og samkomer, songar, gullkorn, morosame bilete og småstubar. Det var meininga å skifta ut stoffet her litt oftare, men denne oppgåva er blitt litt nedprioritert.

Bilete

Dette er kanskje dei mest populære sidene våre. Her finn du samla alle dei bileta webredaktøren har greidd å få tak i. Bileta er ordna kronologisk etter årstal og stort sett går det greitt å finna fram i dei. Her er også ein video frå turen til Telavåg i 2007. Kvaliteten er ikkje den beste, men moro å sjå.

Dei siste par åra er det stort sett webredaktøren som har stått for fotograferinga – med eit lite tilskot frå eit par av medlemmene. Eg veit at det er fleire som tek litt bilete innimellom, og eg skulle ynskja at de ville dela dei med oss andre. Send dei med e-post til einar@haugnett.no så kan me legga dei ut på heimesidene.

Eg set stor pris på tilbakemelding om heimesidene – både positive og negative. Målet vårt må alltid vera å gjera heimesidene litt betre og meir verdfulle for kvar veke. (Og målet me ikkje snakkar høgt om: Heimesidene våre skal alltid vera betre enn Stordgutane sine!).